

# Referat frå årsmøte

Onsdag 17. februar på Valhall

---



## **Årsmelding:**

Godkjent. Ein liten feil: Åmlandsnåpen var utegløynt blant nye merka løyper.

## **Rekneskap:**

Godkjent.

## **Val:**

Styreformann: Astrid Raudåna  
Nestformann: Magne Hansen  
Kasserar: Gunn Sandberget Andersen  
Sekretær: Arnhild Smeland  
Styremedlem: Anlaug Askland  
Varamedlem: Anne Lise Skjeggedal  
Varamedlem: Hilde Hansen Smeland

Styret vart einstemmig valt.

## **Nye medlemmar:**

I løpet av møtet fekk vi ni nye medlemmar!

## **Merka turløyper:**

Vi samlar inn alle avtalane som er gjort med berørte grunneigarar. Desse tek Astrid vare på i perm, og dei som er berørt av "Topp 13" skal i tillegg arkiverast hos kommunen. Anne Lise tek seg av dette.

Arnhild snakkar med Margit om å legge om traseen til Trongedalsnuten litt slik at ein får høve til å kome utom utsiktspunkt ved Nonnut. Dette vil og sannsynlegvis korte løypa litt.

Margit som grunneigar har sagt ja til bolting/sikring av det glatte partiet av løypa til Trongedalsnuten. Magne tek kontakt med "Bolte Børre" for å høyre om dette er noko han kan hjelpe oss med. Ca pris må innhentast.

## **Søknad om aktivitets og driftsstøtte**

Astrid lagar søknad til kommunen. Søknadsfrist er 1. mars.

## **Viktige moment:**

- Sikring av glatt parti i løype til Trongedalsnuten
- Midlar til vedlikehald av merka løyper
- Midlar til marknadsføring

## ***Varde/monument på Trongedalsnuten***

Vi ønsker å få laga ein varde/monument som markerer toppen av Trongedalsnuten – kommunens høgaste fjell. Ønsket er spilt inn til kommunen v/rådmann Bjarte Nordås. Etter drøfting i arbeidsutvalet for SNU-prosjektet blei det klart at kommunen er interessert i dette. Det er viktig at linken mellom høgda på Trongedalsnuten, 929m.o.h., og kommunenummeret, 0929, blir fronta.

Dei ber oss kome med innspel til utforming og kostnader i samband med dette. Dette må så sendast som eigen søknad til kommunen.

Vi ønsker innspel frå bygdefolk på korleis dette monumentet kan utformast. Det må være noko som ruver litt i terrenget slik at det blir lettare å sjå Trongedalsnuten på litt avstand. Toppen ligg i eit område med mange høge knattar, så i dag er det vanskeleg å vite kva som faktisk er toppen når ein er på veg dit.

## ***Etablering av skiløype:***

Vi ønsker å etablere skiløype i bygda. Vi må jobbe vidare med dette for å finne ein trasé ein stad der grunneigar synest dette er greit. Vi må og gjere avtale med nokon som kan halde denne oppkøyrte vinterstid. Og det må i så fall søkast kommunen om scooterløype til dette formål. Rydding av trasé kan og være aktuelt.

Vi vil jobbe vidare med dette slik at denne løypa forhåpentlegvis kan etablerast til vinteren.

## ***Arrangement i 2010:***

- **Søndag 7. mars kl 15.00: Akedag i botnen av Rukkedalsvegen.**
- **Søndag 14. mars kl 12.00: Isfiske/skidag på Gjevden.**  
Ansvar: Astrid, Anlaug og Arnhild – vi tek med litt ved kvar til bål. Friluftslaget sponsar fiskekort om desse er klare så tidleg. Arnhild sjekkar med kommunen. Premiering i to klassar, over og under 12 år. Premie for største, minste og flest fisk. Astrid ordnar premiar.
- **Fredag 16. april kl 19.00: Quiz- og pizzakveld på Vindilhytta**  
Ansvar: Anlaug, Anne Lise og Arnhild
- **Torsdag 14. mai kl 12.00: Fellestur til Gjevdenuten og Mjåvassnipa**
- **Laurdag 12. juni kl 12.00: Fiskekonkurranse på Storesand**  
Ansvar: Aslak Raudåna og Torgeir Selås
- **Sommertur (dato ikkje sett): Padletur frå Åmli til Nelaug med overnatting**  
Ansvar: Magne
- **Søndag 15. august kl 13.00: Fellestur til Åmlandsnapen**
- **Fredag 8. oktober kl 18.00: Lysfest i Svårthylkyrkja**

Vi har og opning for å finne på aktivitetar "på sparket". Eit godt forslag som blei kasta inn var snøborgbygging om snøen blir kram og fin. Andre ting kan være sandvolleyball- og grillkveld på Storesand, eller gummibåtrafting i Gjøv.

## ***Neste møte:***

Onsdag 15. mai kl 18.00 på Valhall.

Gjøvdal 17. februar 2010



Arnhild Smeland  
Sekretær